

**Fra:** Olav-Kåre <olav-kaare.tykhelle@online.no>  
**Sendt:** torsdag 29. januar 2015 21:01  
**Til:** Vabø Tonje  
**Emne:** Oppstart av planarbeid fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad

Hei.

Eg var tilhøyrar på interessant infomøte angående utbetring av veg og etablering av gang/sykkelveg på strekning Lindås-Mongstad.  
Eg er grunneigar av eigedom 118/1 på Tykhelle og har innspel til planane.

Fylkesvei 57 kryssar i dag eigedomen og etter at eksisterande veg blei etablert på 70 talet har eg hatt svært dårlig og uoversiktlig avkjørsel på vestsida av veg til gardstun, og sterkt begrensa tilkomst til resterande eigedom på austsida av vegen.  
På austsida har eg dyrka mark, utmark og skogsområde. Fordi det er landbrukseigedom er det ofte bruk av traktor og andre saktegående redskap som må krysse den sterkt trafikerte vegen.

Det bør etter mi meining etablerast ei løysing der ein kan få tilgang til austsida av veg utan å måtte kryssa FV57, til dømes ein undergang.  
Det kan gjerne sjåast i lag med andre landbrukseigedomar på Tykhelle som har same behov.

Når det gjeld gang/sykkelvegen kan ein kanskje vurdere å legge den på vestsida enkelte strekningar til dømes fra Lindås til Tykhelle og foreta ein kryssing her og fortsette på austsida.

Vil også nevne at dersom det blir aktuelt med "større" endringer i området der elva fra Tykhellevatn renn ut i sjøen, så bør det rettast opp i den øydelegginga av elva som blei utført ved bygging av ny veg. Det var ei elv der regnbueørret og sjø-ørret kunne gå opp i Tykhellevatnet.

Med helsing  
Olav-Kåre Tykhelle



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)